



Til medlemmer i Hareid Idrettslag Fotball

12.11.2024

Sakliste og saksdokument til årleg møte i Hareid Idrettslag Fotball

Styret viser til innkalling til årleg møte i fotball og haustfest lagt ut på nettsida til Hareid IL Fotball, samt Facebook og mail. Det blir matøkt i forkant av valet. Saker må innmeldast seinast 19.november.

Årleg møte/Haustfest vert halde 26. november 2024 kl. 18 i Festsalen på klubbhuset, Myraveien 12.

Sakliste for årleg møte/haustfest:

- Sak 1: Godkjenne dei med stemmerett
- Sak 2: Godkjenne innkallinga
- Sak 3: Godkjenne saklista
- Sak 4: Val av dirigent
- Sak 5: Val av referent
- Sak 6: Val av to medlemmer til å underskrive protokollen
- Sak 7: Fotballgruppa si årsmelding og rekneskap for 2024
- Sak 8: Gruppene sine årsmeldingar og rekneskap for 2024
- Sak 9: Fastsette treningsavgifter for sesongen 2025
- Sak 10: Fastsette budsjett 2025 for Fotball
- Sak 11: Val av
 - 11.1 Styreleiar – 1 år
 - 11.2 Nestleiar – 2 år
 - 11.3 Kasserar – 2 år
 - 11.4 Sport 4 Ungdomsfotball – 2 år
 - 11.5 Sport 5 Jentefotball – 2 år
 - 11.6 Arrangement/jentefotball – 2 år
 - 11.7 Anlegg- og Materiellansvarleg – 2 år
 - 11.8 Valnemd

Vedlagt følgjande dokument: (kjem i forkant av årsmøtet)

- Fotball og gruppene sine årsmeldingar
- Fotball sitt rekneskap
- Saksdokument sak 9; treningsavgifter 2025
- Saksdokument sak 10; Budsjett for Fotball 2025
- Sak 11.1 – 11.7; Valnemnda sitt forslag
- Sak 11.8; Styret sitt forslag til nye medlemmer til valnemnd

Med helsing

Styret i Hareid IL Fotball



Årsmelding Hareid IL Fotball 2024



Årets A-spelarar som starta vårsesongen.

1. Innleiing

Fotballgruppa har gjennomført eit nytt hektisk år med stort engasjement i styrearbeidet. Vi har hatt eit stort styre på 12 personar, som i fjor vart forsterka med fleire som har jobba med jente- og damefotball. Ein har gjennomført Grendacupen som fekk skryt frå mange hald for god gjennomføring. G/J2016 gruppa gjennomførte også ei stor miniturnering i september som fekk gode skussmål, i tillegg til fleire mindre arrangement og dugnadar. Det har vorte gjennomført 11 ordinære styremøter. Fotballgruppa vart på Fotballgallaen i desember 2023 godkjent som kvalitetsklubb. Det er gjennomført 2 store fotballskular med nærare 80 deltakarar på kvar. Ny tribune har vore det store prosjektet for anlegg. Ytterlegare satsing på sportsleg utvikling er eitt av hovudmåla for 2025 som det avtroppande styret har sett. Fotballgruppa tel ved utgangen av 2024 360 medlemmer, av desse er 290 aktive medlemmer.

2. Styresamansetjing

Leiar:	Pravin Selva
Nestleiar:	Georg Rise Gaasø
Anlegg/utstyr/sekretær:	Sindre Breivik
Sport menn:	Ørjan Engen Grimstad
Sport damer:	Lena Kathrin Hansen
Sport ungdom:	Georg Eikrem Olsen
Sport born:	Vidar Longva
Sport jenter:	Daniel Teigene
Økonomi:	Kenneth Nicolaisen
Arrangement 1:	Siw-Monica Brandal
Arrangement 2:	Renate Lillebø
Kvalitetsklubb:	Odd-Magne Brandal

Sidan styret tel 12 medlemmar, vart det ikkje valgt inn varamedlemmar til styret.



Det vart i sommar avholdt fotballskule med 80 deltakarar, her eit lite knippe av dei som var med.

3. Om styrearbeidet

Det har vore god driv i styret og arbeidet i all hovudsak har dreia seg om korleis vi skulle drifte gruppa på ein god måte sportsleg, samt få kontroll på innkreving av medlemsavgift og drive fram økonomiprojekt. Dagleg leiar vart sjukmeld i mai og sa seiare opp, slik at alt administrativt arbeid i fotball har vi ordna sjølve, FIKS, treningstider, fotballskule, organisering ++. Dette har gjort at styret i fotball i år har fått større belastning, men likevel klart å kome i mål på ein grei måte.

Totalt i år har vi hatt 11 styremøte og handsama totalt 135 saker, i tillegg har det vore mykje aktivitet i form av særmløter, telefonar, mail korrespondanse og Teams-møter, samt god aktivitet på Messenger gruppa til styret.

Nokre i styret har tatt fotballeiarkurs 1 (FLK1) då det er krav om at minimum halvparten av styret må ha dette, som er eit krav for å vere kvalitetsklubb.

Sport er no ein del av det totale styret, noko som gjer det enklare for heile fotballstyret å ha innsikt i kva sport jobbar med. I tillegg har dei 5 som no har ansvar for sport danna Sportsleg Utval(SU), slik at dei kan jobbe som ei gruppe når det skal handsamast saker som treng bistand.

Det har i år vorte gjennomført styremøte i midt slutt av månad, litt etter når Pravin har vore heime frå studiar i Bergen. Årshjul for 2024 har kome på plass, noko som gjer at aktivitet kjem på plass tidleg og det er lettare å planlegge etter.

Styret er samansett av 12 medlemmar, der alle har sine definerte arbeidsoppgåver. Arrangement har fungert godt, med Renate og Siw-Monica i spissen, samt at A-Laga har hatt eigne ansvarlege for sine kampar. Sport har fungert greit, sjølv om det tidvis har vore ein del saker å handsame.

Hovudinstrykket er at styret nok eit år har hatt mykje å ta tak i. Det har blitt jobba godt over heile linja, og det interne styremiljøet har vore veldig godt. Hovudlaget har også i år slite med økonomien, noko som gjer at gruppene må stå for all økonomi sjølve utan pengar frå dedikerte sponsorar.

Fotballgruppa har gradvis auka styreaktiviteten frå koronatida og opp til no. Vi er ikkje låste til nøyaktig kor mange ein skal vere i styret og kva dei ulike skal gjere, men det ser ut som at modellen vi starta med i 2022 med å dele det sportslege ansvaret mellom fleire personar har gått bra. På den måten sikrar ein at ein person slepp å vere sportsleg kontaktperson for alle laga våre.

Etter eit 2022 med litt prøving og feiling føler vi at modellen i 2023 og no 2024 har fungert godt. Ikkje minst fekk vi god dekning på jente- og damesida.

Vi hadde i år også eigen økonomiansvarleg, men sidan fotballgruppa ikkje kan hente inn sponsorar sjølv fall denne rolla litt mellom to stolar. Når det er sagt har vedkomande som hadde rolla gjort ein god jobb på andre måtar.

Ei stor takk til økonomiansvarleg Kenneth Nicolaisen som har gjort ein kjempejobb med å sørge for at dei fleste har betalt treningsavgift.

Fotballstyret og hovudstyret har i år hatt eit betre klima, sjølv om ein fortsatt ikkje er samde i dette med styring av sponsorar.



Jenter 16 år på Norway Cup i sommar.

4. Den sportslege aktiviteten

2024 har vore ein sesong med full aktivitet på alle lag. Sport har jobba godt denne sesongen og har fått på plass trenarkabalane på alle lag, samt at det har vore ein del utskiftingar også undervegs på fleire lag. A-laget herrar enda på ein respektabel 7 plass i 4 div, men slit fortsatt med svært stor utskifting av spelarar frå vår- til haustsesong. Damelaget hadde Geir Børre Røyset som trenar på vårsesongen. Trude Håkonsholm Lunaas og Øyvind Rolvsjord tok over haustsesongen og har jobba godt saman. Begge to har takka ja til å ta ein sesong til. Desse to utfyl kvarandre på ein fin måte. Laget har sørga for å ha speakertjeneste på dei alle fleste heimekampane, og har fått inn ein sponsor som har valgt å bidra med gåvekort til den spelaren som vert kåra til banens beste på heimekampane. Dette for å hjelpe å lyfte damefotballen. Det vert jobba med å få på plass dette til neste sesong også. Juniorlaget hadde ein vanskeleg vårsesong, med mangel på spelarar, noko som gjorde at ein måtte melde av laget og trekke det frå seriespelet. Dei få spelarane som var igjen gjekk då inn på Hareid 2 og spelte i haust kampar i 6.divisjon. Sjå elles årsmeldingane frå laga.

Det vart arrangert fotballskule med lokale instruktørar frå fotballgruppa i juni og august, over 5 dagar, med stor påmelding i alderen 6 - 12 år, totalt 80 spelarar deltok på kvar av arrangementa, som var gratis for alle deltakarar ettersom Gjensidigestiftelsen gjekk inn og støtta tiltaket. Dette vart organisert av Pravin Selva og Georg R Gaasø, med hjelp frå fleire i styret.

Det vart tidleg bestemt at laga skulle styre arrangementa sine sjølve denne sesongen, etter at praksisen her har vore litt forskjellig.

Ørjan Engen Grimstad har stått for mykje av organiseringa rundt A-lag herrar, med hjelp frå Gustav B Kløvning, Cecilie Bjørlykke(FIKS), Johs Chr Riise, Einar Orten Trovåg og Ola K Vattøy(Speaker). Geir Alvestad og Harald Åsen har hjelpt til med billettering.

Det har elles vore kiosk og speakerteneste på alle 11 kampane. Det var ballgutar på nokre av kampane. Dette var ofte kombinert med skotkonkurransar. Dei som stilte opp fekk blomster av fotballstyret før siste heimekamp. Tusen takk til alle som har bidrege!

5. Økonomi, økonomitiltak og dugnad

2024 har vore eit økonomisk sterkt år for Hareid IL Fotball, mykje takka vere systematisk arbeid, effektive økonomiske rutinar og brei innsats frå styret og medlemmane. Leiar, nestleiar, økonomiansvarleg og sekretær har hatt eit godt samarbeid for å sikre den økonomiske drifta av fotball saman med resten av styret, spesielt etter dagleg leiar si oppseiing. Dette samarbeidet gjorde det mogleg å oppretthalde ei effektiv og strukturert handtering av økonomien, sjølv i ein situasjon med auka arbeidsmengde. Styret har lagt vekt på å sikre kontroll over økonomien, samtidig som det har blitt arbeidd aktivt for å generere inntekter og redusere utgifter gjennom ulike tiltak. Vi ser også ut til å ende med eit driftsresultat på omlag kr 296 895,00, noko som ser ut til å føre til eit rekordresultat for fotballgruppa.

Gjennom året har styret gjort viktige grep for å styrke økonomien. Ein stor del av driftsinntektene har kome frå langsiktig sparing, der kr. 3,4 millionar frå Hadarhallkontoen og kr. 1,2 millionar frå sparing har blitt plassert i fastrenteavtalar som har gitt kr. 189 000 i avkastning. Vidare har salet av Fredrik Aursnes til Benfica bidrege med ein solid sum, noko som gjer det mogleg for styret å nærme seg full nedbetaling av fotballhallen innan få år. Desse strategiske tiltaka har styrka økonomien betrakteleg og gitt eit viktig pusterom for framtidige investeringar.

Dugnadsarbeidet har også vore ein nøkkelfaktor for å oppretthalde ein stabil økonomi, sjølv om behovet for dugnadar på anlegga har vore mindre enn tidlegare år, takka vere den solide innsatsen frå seniorgruppa som jobbar kvar tysdag. Lotteri har vore ei av dei største inntektskjeldene i 2024, der Spond-lotteriet i mai genererte kr. 47 000, og haustlotteriet i november, med PS5 som toppgevinst, gav heile kr. 125 250 til klubbkassa. Erfaringane viser at gevinstlotteri gir betre økonomisk resultat enn Spond-lotteri, sidan 40 % av fortienesta går til plattformen. For framtida blir det foreslått å arrangere to faste lotteri i året – eitt om våren og eitt om hausten – samtidig som alle lag blir oppfordra til å unngå andre økonomiprojekt i desse periodane for å unngå overlapping.

Samtidig har det økonomiske forholdet til hovudlaget vore utfordrande i 2024. Det har ikkje vore nokon overføringar av sponsormidlar frå hovudlaget til fotballgruppa, noko som har skapt utfordringar for vidare utvikling. Skal fotballgruppa halde fram med å utvikle seg og oppretthalde tilbodet, treng vi sponsorinntekter som ikkje berre dekkjer investeringar, men også drift. Utan ein solid økonomisk plattform vil det bli stadig vanskelegare å rekruttere trenarar i ungdoms- og seniorklassene, då desse oppgåvene i aukande grad krev kompensasjon. Auke i treningsavgift kan hjelpe noko på kort sikt, men vi føler at nivået på treningsavgiftene allereie ligg høgt, noko som delvis skuldast den dårlege økonomistyringa i hovudlaget. Dette understrekar behovet for ei meir berekraftig og langsiktig løysing for finansieringa av fotballen.

Eit konkret tiltak som styret ynskjer å gjenopprette er Fotballfritidsordninga (FFO), som det no har oppstått ny interesse for i lokalsamfunnet. Dette tiltaket kan bidra til å styrke klubben sin posisjon i lokalmiljøet og auke aktivitetstilbodet, men for å realisere det treng vi økonomisk støtte, anten frå hovudlaget eller eksterne sponsorar. Dette understrekar kor viktig det er med ei målretta satsing på sponsorar som gir direkte støtte til fotballen.

Med eit sterkt fokus på å styrke økonomistyringa, effektivisere dugnadsarbeidet og sikre meir målretta sponsorsamarbeid, ser fotballgruppa fram til å vidareutvikle klubben i 2025. Årets resultat legg eit solid fundament for framtida, men det er avgjerande at vi byggjer vidare på dette med klare strategiar og langsiktige prioriteringar. Samarbeidet mellom frivillige, sponsorar og medlemmar vil vere nøkkelen til å sikre ei berekraftig og suksessrik utvikling for Hareid IL Fotball.

6. Nettside og SoMe

Utgangspunktet for nettstrategien vår i år var i utgangspunktet den same som i 2023, at Ola Kalvø Vattøy og Sindre Breivik delte på å legge ut stoff i hovudsak på FB + noko på hareidil.no. Dagleg leiar hjalp til med dette fram til han vart sjukmeld i mai. Men då hadde vi eigentleg allereie fått innarbeidd ein modell der etter kvart ganske mange har tilgang til FB-profilen, slik at mykje har gått av seg sjølv.

Det har i år vore grei dekning av a-lag menn, Hareid 2, damelaget og J16, av folk som sjølve har tilgang til å redigere på FB. Utover det har det vore meir sporadiske oppdateringar frå andre lag. Her kunne gjerne fleire involvert seg og sendt inn stoff, men totalen har nok uansett vore grei.

Det er også ei aukande utfordring med strengare personvern for born og unge, noko som kanskje gjer at fleire kvir seg for å sende inn stoff frå dei yngste laga. Det er heller ikkje sikkert at FB er den beste plattformen på sikt å formidle aktiviteten frå fotballgruppa, men per no finst det ikkje betre løysingar.

7. Grendacupen

Grendacupen 2023 vart ein suksess med 33 lag påmeld totalt. Planlegginga av Grendacupen 2024 er i full gang, og pr.25. november har Sindre Breivik, Ola Kalvø Vattøy, Ovar Hatløy, Bård Grimstad og Hogne Grimstad engasjert seg i arbeidet, og ein reknar med fleire vil henge seg på etter kvart.

Turneringa vert i år laurdag 28 og søndag 29.desember Det har vorte jobba godt med sponsorar, og mange er allereie på plass. Det er innkalla til pressetreff med Vikebladet onsdag 27.nov.

Finaleommarar er på plass, samt at arbeid med kiosk som vi i fjor valgte å ta sjølve er godt i gang med Siw-Monica Brandal og Renate Lillebø i spissen. Satsar på å få til ei god turnering også i 2024, då dette er den store turneringa for fotball kvart år. Alle lag vil i år få oppgåver i forhold til gjennomføringa.


8. Oppdatering anlegg

Årets store prosjekt på anleggssida har vore ny tribune med takoverbygg og bakvegg med sitteplassar til 151 personar. Prosjektet vart styrt med kyndig hand av Sindre Breivik som prosjektleiar, og sto for prosjektering, logistikk, byggesak og styring av entreprenørar. Hogne Grimstad var byggeplassleiar og har gjort ein kjempejobb med å få på plass forskaling og armeringsarbeidet, samt støyping av bankett/såle. Betongarbeidet elles vart sett vekk til HS Rise Bygg AS som søypte ringmeuren og betongplata på tilsaman 100 tonn. Graveentreprenør Karl Johan Mork har gjort ein kjempejobb med å grave ut og fyller opp med over 600m³ steinmassar og har også jamna ut vollen mot Myrtunet. VSP Poland med Willy Nettet i spissen har levert tribunesystemet, medan Elementmontasje AS har montert systemet. Glassrekkverk er levert av Fasadeglass AS og montert av Sindre og Hogne.

Prosjektet er gjennomført for Kr.1,85 mill inkl.mva, der Sparebankstiftelsen har støtta prosjektet med kr.500.000. Resten av investeringa har fotball tatt sjølve av oppspart egenkapital. Tribuneanlegg er dessverre ikkje innbefatta av kompensasjonsordning for moms, så ein får igjen berre ein brøkdel av det ein har betalt inn i moms.

Ulykksalig vis vart speakerboda på kunstgrasbana alvorleg skada av vind med orkan i kasta i midt av november, så her må fotball inn med ei investering i 2025.

Forslag til investeringar fotball i 2024: Reparasjon Speakerbod, Nye benkar på Hareid Stadion, Innbyttarbenkar i Hadarhallen og reparasjon av målparken vår.



Den nye tribuna sto ferdig og vart åpna formelt 11.oktober med snorklipping frå ordførar Bernt Brandal.

9. Norway Cup

Hareid stilte i sommar med 5 lag på Norway Cup, G16 i sjuar klassa med 2 lag, medan J16 stilte i 11'ar klassa. G13 stilte med 2 jamne 9'ar lag. G16 gjekk til A-sluttspel og rauk ut tidleg i dette. Jentelaget gjekk til B-sluttspel og gjekk ut tidleg. G13 gjekk også til B-sluttspel med begge laga. Det er svært gledeleg at ein har kome i gang igjen med Norway Cup, dette er den store turneringa som laga gler seg til å vere med på kvart år.

10. Fair Play, verdi og kvalitetsklubb

Hareid IL Fotball er no i mål og er godkjent som kvalitetsklubb. Det er gjort mykje godt arbeid av Odd-Magne for å få på plass alle dokument, samt å rette opp nettsida vår i forhold til kvalitetsklubbkonseptet. Vi fortsetter å jobbe for å få fleire av trenarane våre til å ta grasrottenarkurs, det er krav om minimum grasrottenar delkurs 1-2 for årsklassene 6-12 år. Frå 13-19 år er det krav om minimum delkurs 3 og 4. Nokre har tatt grasrottenar modular og andre relevante kurs både aktivt og digitalt i sesongen som har gått, men fleire er nøydde til å kurse seg tidleg i komande sesong. Det er ingen tvil i at kursing av våre trenarar er viktig i forhold til å følgje klubben sin sportsplan, samt å lære seg korleis ein kan sette opp gode treningsøkter.

11. Trenar- og lagleiarmøte

Dette vart i år arrangert 27. februar. Dei fleste laga møtte, men her kan laga verte flinkare til å engasjere seg, sidan møtet er viktig for planlegginga av sesongen. På møtet kom styret med diverse info om sesongen. Det vart ikkje arrangert eit liknande møte for haustsesongen, men dette er ønskeleg å få til.



Hareid 2 gjekk heilt til finalen i Sunnmørsposten Cup, ein svært god prestasjon av laget som sleit tungt i 6.divisjon.

12. Forholdet til hovudstyret i 2024

Forholdet mellom fotballgruppa og hovudstyret i Hareid IL har i 2024 vore prega av eit ok samarbeid, men også utfordringar som har tydeleggjort behovet for betre koordinering og klarare ansvarsfordeling. Som den største gruppa i idrettslaget har fotballgruppa hatt eit sterkt fokus på å oppretthalde eigne aktivitetar og mål, samtidig som vi har bidrege til fellesskapet.

Samarbeid og dialog

Samarbeidet med hovudstyret i 2024 har vore tilfredsstillande, med regelmessig dialog rundt fleire viktige tema. Fotballgruppa har arbeidd målretta for å balansere felles prioriteringar med eigne behov, spesielt når det gjeld økonomi og prosjektarbeid. Vi har hatt eit tydeleg fokus på sjølvbestemming i korleis vi organiserer våre økonomiske og organisatoriske oppgåver, noko som har vore avgjerande for å sikre effektiv drift og vidare utvikling.

Ein av dei største utfordringane dette året var at dagleg leiar i hovudlaget sa opp sin stilling. Dette førte til at fleire administrative oppgåver måtte fordelast mellom styreleiar og økonomiansvarleg i fotballgruppa. Dei tok på seg meir arbeid enn tidlegare for å sikre kontinuitet i drifta, samtidig som dei handterte eigne ansvarsområde knytt til fotballgruppa.

Sponsorarbeid og handlingsrom

Sponsorarbeidet har vore eit tilbakevendande tema i 2024, der fotballgruppa har etterlyst større moglegheit til å hente inn eigne sponsorar. Per i dag krev slike aktivitetar løyve frå hovudlaget, noko som har avgrensa fleksibiliteten vår til å sikre nødvendig finansiering til eigne prosjekt. Dette blir ekstra krevjande i og med at vi, som i 2024, også har budsjettert med 0 kroner i overføringar frå hovudlaget for 2025.

Fotballgruppa ser behov for meir handlingsrom til å hente eigne sponsorar, utan at dette går på kompromiss med hovudlaget sine eksisterande avtalar. Vi har også etterlyst ei meir strukturert og målretta satsing på sponsorarbeid på hovudlagsnivå, der ein større innsats kan styrke økonomien til heile idrettslaget.

Transparens og sjølvbestemming

I løpet av året har vi opplevd ei viss auke i transparens i hovudstyret sitt arbeid, noko som har bidrege til betre kommunikasjon og eit noko meir effektivt samarbeid. Likevel ser fotballgruppa eit behov for å oppretthalde og vidare styrke fleksibiliteten som trengst for å drifte effektivt og sjølvstendig. Dette er særleg viktig i økonomiske spørsmål, der ein viss grad av sjølvbestemming er nødvendig for å tilpasse aktivitetar og prioriteringar til eigne mål og utfordringar.

Framtidig fokus

For å styrke samarbeidet med hovudstyret ser fotballgruppa behov for:

- *Meir handlingsrom i sponsorarbeidet:* Større fridom for undergruppene til å hente eigne sponsorar, samtidig som ein sikrar at dette ikkje går på kompromiss med hovudlaget sine eksisterande avtalar.
- *Auka struktur og rutinar for kommunikasjon:* Betre rammeverk for samarbeid mellom hovudlaget og gruppene, spesielt i samband med økonomi og sponsorarbeid.
- *Vidareføring av transparens:* Sikre openheit i prioriteringar, fordelingar og avgjersler for å styrke tilliten mellom gruppene og hovudstyret.
- *Større fleksibilitet:* Moglegheit for gruppene til å drifte sine aktivitetar meir effektivt og sjølvstendig, med støtte frå hovudlaget der det er nødvendig.

Samarbeidet mellom fotballgruppa og hovudstyret har vore funksjonelt, men det er tydeleg at det er rom for forbetringar. Vi ser fram til å vidareutvikle forholdet i 2025 med eit fokus på fellesskap, sjølvbestemming og strukturar som gagnar både fotballgruppa og idrettslaget som heilskap. Dei

erfaringane vi har gjort oss i 2024 legg eit solid grunnlag for eit meir effektivt og konstruktivt samarbeid framover.



Norway Cup G13 laget stilte 2 9'ar-lag. Her eit av dei før kamp på Ekebergsletta.

13. Føringer for Sportsleg Utval (SU)

Hareid IL Fotball har hatt eit Sportsleg Utval (SU) gjennom mange år, der det har vore eit viktig organ for å styrke og vidareutvikle det sportslege tilbodet i klubben. For å sikre at SU fungerer meir effektivt og målretta framover, har fotballstyret implementert nye føringer for drifta av utvalet.

Ansvar og oppgåver

SU skal ha hovudansvaret for å utarbeide og følgje opp sportsplanen til klubben. Sportsplanen skal reflektere klubbens mål og verdier og innehalde retningslinjer for spelarutvikling, trenarutdanning og hospiteringsordningar. Målet er å sikre eit godt fundament for utvikling på alle nivå. I tillegg skal SU arbeide med rekruttering og oppfølging av trenarar, leggje til rette for nødvendig opplæring og støtte trenarane i deira daglege arbeid.

Utvalet skal også leggje til rette for hospiteringsordningar som fremjar spelarutvikling på tvers av aldersgrupper. Vidare skal SU gi sportslege råd til styret og bidra til viktige avgjersler som påverkar prioriteringar for lagspåmelding, turneringsdeltaking og ressursfordeling. For å sikre god kontakt med laga og betre oppfølging av det sportslege arbeidet, skal SU-medlemmane også møte opp på nokon av treningane og/eller kampane til laga dei har ansvar for

Organisering og struktur

SU skal bestå av fem medlemmar med klart definerte ansvarsområde. Utvalet har ikkje ein formell leiari, men dei administrative oppgåvene blir fordelte innad i utvalet. Nestleiar i fotballstyret vil fungere som kontaktperson mellom SU og styret.

Utvalet skal halde faste møter minst kvart kvartal for å diskutere sportsleg utvikling og utvikling av sportsplan. Deretter også rapportere regelmessig til styret. Ekstra møter kan kallast inn ved behov når saker blir meldt opp til SU. Alle SU-medlemmar har møterett og stemmerett i fotballstyret og blir oppfordra til å delta på styremøta for å sikre tett samarbeid.

Kommunikasjon og oppfølging

SU skal fungere som eit bindeledd mellom medlemmar og styret og bidra til å løyse sportslege utfordringar som oppstår. Digitale verktøy bør nyttast for å sikre effektiv kommunikasjon mellom SU-medlemmar og andre involverte.

Trenarar skal følgjast opp gjennom kvartalsvise møter, der klubbens mål og retningslinjer blir kommuniserte. Hospiteringsordningar skal vidareutviklast, inkludert tiltak som fellestreningar mellom lag i nærliggande årskull. Dette skal sikre betre samarbeid og leggje til rette for spelarutvikling og bygning av sosiale band mellom spelarane.

E-post og tilgjenge

SU har fått ein eigen e-postadresse, sport.fotball@hareidil.no, som kan brukast til å melde inn sportslege spørsmål eller klagesaker. Utvalet vel ein ansvarleg for å administrere e-posten, men alle medlemmar kan bruke den ved behov.

Evaluering og rapportering

Arbeidet i SU skal evaluerast kvart år, og utvalet skal levere ein rapport eller årsmelding til styret. Rapporten skal oppsummere måloppnåing, utfordringar og forslag til vidare tiltak, slik at SU kontinuerleg kan tilpasse seg klubbens behov.

Framtidig satsing

Desse føringane for Sportsleg Utval er eit konkret resultat av Hareid IL Fotball si overordna sportslege satsing framover. Målet er å styrke både strukturen og arbeidet i SU, slik at utvalet kan bidra til å heve kvaliteten på det sportslege tilbodet, sikre god oppfølging av spelarar og trenarar, og støtte opp under klubbens langsiktige utviklingsmål. Dette er eit viktig steg i retning av å sikre ein berekraftig sportsleg vekst for klubben.

14. Årsfest

I år har seniorlaga sjølve arrangert årsfesten i tråd med fjorårets praksis. Styret har ikkje lagt seg opp i korleis dette blir gjennomført, men har sponsa pokalar til årets spelarar og toppscorarar for dei laga som ønskte det. Som ei påskjønning har styret også takka dei engasjerte rundt A-lag menn, Hareid 2 og A-lag damer med blomar før siste heimekamp for desse laga. Dette er eit tiltak som skal vise verdsetjing for den innsatsen som blir lagt ned rundt laga våre.

15. Årets eldsjel

Under Grendacup 2023 vidareførte vi tradisjonen med å kåre årets eldsjel, ei utmerking som heidrar dei som har gjort ein ekstraordinær innsats for klubben. Prisen for 2024 gjekk til Kenneth Nicolaisen, tidlegare leiar, som har lagt ned ein enorm innsats i si tid som leiar av klubben. Kenneth sin dedikasjon og arbeid har vore uvurderleg for Hareid IL Fotball, og det var vel fortent at han fekk denne heideren. Tidlegare vinnarar inkluderer Anders Eidsvik, Tor Henning Andersen, Sindre Breivik, Vagn Scheide Mork og Harald Møller.

16. Administrativ adelskalender

10 år: Espen Beiermann, Kim-Tore Husøy og Evelyn Røren

5 år: Odd-Magne Brandal, Stian Runne Brandal, Rita Dimmen, Jan Robin Haraldsvik, Gullvald Kløvning og Silja Øvrelid

17. Spelarar på talenttiltak

Bylagssamlingar (Team Søre 12 åringar): Gulliver Gryt, Elias Almli Moldskred, Jonathan Hansen Bjørlykke og Tobias Fjørtoft Nupen.

Team Søre Satelitt (12 åringer): Ajay Jeyabalasingam, Elias Almli Moldskred, Gulliver Gryt, Hedda Selvåg Larsen, Ingrid Holstad Dalsøren, Jonathan Hansen Bjørlykke, Julia Afansasieva Røyset, Magnus Utgård Rolfsrud, Majid Thaer Shahoud, Sondre Brune Slettebakk, Tobias Fjørtoft Nupen

I tillegg har fotballgruppa hatt spelarar som har hospitert med Hødd G14/G16.

18. Oppsummering

Styret ønskjer å takke spelarar, trenararar, lagleiarar, dommarar, seniorgruppe og andre medhjelparar så mykje for innsatsen i 2024.

Pravin Selva, Georg Rise Gaasø, Sindre Breivik, Georg Eikrem Olsen, Ørjan Engen Grimstad, Lena Kathrin Hansen, Vidar Longva, Odd-Magne Brandal, Daniel Teigene, Renate Lillebø og Siw-Monica Brandal.



Årets damelag avbilda før kamp mot Stranda.

Hareid 25.11.2024

Styret

Trenar-/ Lagleiarliste 2024

Hareid 22.11.2024

Fødselsår	Lag	Trenar/Lagleiar	(T/L)	Tlf.	Mail
2018	MG/MJ6	Robert Flø Joachim Moldskred Alexander Riise Odd-Magne Brandal Kai Endre Stridh Christer Haddal	HT HT HT HJT/L HJT HJT	48256925 90017823 97508306 90579336 46966099 99576758	robertflo@gmail.com joachim.moldskred@gmail.com riise_hotmail.com odd.magne.brandal@gmail.com kaistrindh74@gmail.com christer_haddal@hotmail.com
2017	MG7	Lars Roar Holstad Silja Øvrelid Kristian Eidsvik Nauris Driksna Stian R Brandal Thomas Bøe Østrem Monja Kvalsvik	HT HT/L HT HJT HJT HJT HJT	92097066 98419650 95939256 48435191 97755425 97793700 41812953	lars_holstad@hotmail.com siljaovrelid@gmail.com eidsvik_hotmail.com ndriksna@gmail.com post@stianrunnebrandal.no thomas.oestrem@gmail.com kvalsvikmonja@hotmail.com
2015-2017	MJ7-9	Espen Beiermann Daniel Reite Anders Lillebø	HT HT L	92081193 41417850 95240011	espenbeiermann@hotmail.com danielreite90@gmail.com Lillebo7@gmail.com
2016	MG8	Emil Folkestad Georg Eikrem Olsen Terje Juul-Grimstad Marcus Brandal Arne Johan Gjerde Murat Aydin Renate Bøe	HT HT HJT HJT HJT HJT L	95098478 91793227 46864965 92062566 46787521 99360923	emilfolk@hotmail.com georg.olsen@live.no terjeb@gmail.com marcus_brandal@hotmail.com renate_boe@hotmail.com
2015	MG9	Kim-Tore Leirbekk Husøy Christer Haddal Fredrik F. Abrahamsen Trond Jarnes Ole Kristian Haddal Janita H. Naustenget	HT HT HJT HJT HJT L	91688354 99576758 91742420 95081372 45660826 40294570	kim-tore@hotmail.com christer_haddal@hotmail.com fre.abrahamsen@gmail.com tjarnes@hotmail.com olekhaddal@gmail.com janitaholstad@gmail.com
2014	MG10	Magnus Sveen Ingar Hovden Marius Haugen Marcus Brandal Karen Inger Kvamme Christina Solvåg Hansrud Odd-Magne Brandal	HT HT HJT HJT L L L	99326419 99649989 92653967 92062566 97018123 91768956 90579336	magnus_sveen@hotmail.com ih@jets.no haugen.marius@gmail.com marcus_brandal@hotmail.com christina.solvaag@gmail.com odd.magne.brandal@gmail.com
2013	LG11	Espen Beiermann Benjamin Reite Vidar Longva Christian Aasmo Marthe Ulfseth	HT HT HT HJT L	92081193 98633394 97014421 97087881 41643380	espenbeiermann@hotmail.com Benreite@gmail.com Vid_longva@hotmail.com caasm@online.no martheulfseth@gmail.com
2012	LG12	Daniel Slettebakk Lars-Petter Bjørlykke Andre Nupen	HT/L HT HJT	99627896 99560719 94817441	Danielslettebakk@hotmail.com lars-pbi@hotmail.com Nupen83@hotmail.com
2011	SG13	Anders Eidsvik Tommy Moldskred	HT HJT HJT/L	97712680 99583985	anders_eidsvik@hotmail.com moldskred@icloud.com
2010-2012	SJ13-14	Daniel Teigene Ole Kristian Øvrelid Leif-Andre Vik	HT HT L	97081299 95072274 90019891	daniel.teigene@entec.no ole.ovrelid@spenncon.no Leif_andre_vik@hotmail.com
2008-2010	G16	Kim Johansen Ragnar Røyset Ingar Hovden Ole Andre N. Kragset Jan Robin Haraldsvik Rita Dimmen Evelyn Røren	HT HJT HJT HJT HJT L L	40491592 90079209 99649989 46424475 95869037 47024441 48005180	kim.johansen@hotmail.se ragnar.royset@gmail.com ih@jets.no olekragset@hotmail.com jrharaldsvik@gmail.com rita_elin@hotmail.com evelyn.roren@gmail.com
2007-2008 2009	J16	Øyvind Rolvsjord Siw Monica Brandal Renate Røyset Lillebø	HT L L	47909249 99597172 97627462	oyvindrolvsjord@gmail.com siw-monicabrandal@hotmail.com rroyset@hotmail.com
B-Lag	Herrar	Eiliv-Tore Howlid Emil J Dahlen Folkestad Kenneth Nicolaisen	HT HJT L	90022264 95098478 93059202	ethowlid@gmail.com emilfolk@hotmail.com nicolaisenkenneth@gmail.com
A-Lag	Damer	Øyvind Rolvsjord Trude Håkonsholm Lunaas Arnhold Asmo Bigset	HT HT HJT/L	47909249 41303683 41656096	oyvindrolvsjord@gmail.com trude.hakons@gmail.com bigset2@msn.com
A-Lag	Herrar	Odd Sverre Urke Reidar Vikebakk Ørjan Engen Grimstad Vidar Vollsæter Gullvald Kløvning Gustav Bjørlykke Kløvning	HT HJT HJT MHJ MHJ L	97192775 91661822 95215888 90697732 97729153 41477584	odd.urke@km.kongsberg.com reivik@tussa.com orjan.grimstad@gmail.com vidar.vollsater@tussa.com gullvaldk@gmail.com gustavkløv@hotmail.com
Fotballstyret	Leiar Nestleiar Sport Barn Sport Ungdom Sport Menn Sport Damer Sport Jenter Kvalitetsklubb Arr/Dame Arr/Dame Anlegg/materiell Økonomi Adm	Pravin Selva Georg Riise Gaasø Vidar Longva Georg Eikrem Olsen Ørjan Engen Grimstad Lena Kathrin Hansen Daniel Teigene Odd Magne Brandal Siw-Monica Brandal Renate Røyset Lillebø Sindre Breivik Kenneth Nicolaisen Audun Ulstein	Le NI SB SU SM SD SJ K/FP AI/J AI/J Da Øk L	46513107 97401277 97014421 91793227 95215888 48115669 97081299 90579336 99597172 97627462 40243522 93059202 97706399	ps.9@outlook.com georg1992@hotmail.com Vid_longva@hotmail.com georg.olsen@live.no orjan.grimstad@gmail.com lenakathrinhansen@gmail.com daniel.teigene@entec.no odd.magne.brandal@gmail.com siw-monicabrandal@hotmail.com rroyset@hotmail.com sindre.b@tussa.com nicolaisenkenneth@gmail.com leiar@hareidil.no

HAREID IDRETTSLAG

Gruppe: Fotball

Rekneskap 2023 - Budsjett 2024 - Rekneskap 2024 - Budsjett 2025

Ktonr		Rekneskap 2023	Budsjett 2024	Rekneskap 2024	Budsjett 2025
	INNTEKTER				
	Salsinntekter				
3000	Sponsorinntekter avg.pl	kr 161 390,00		kr 71 000,00	kr 71 000,00
3200	Egne arrangement-Deltakaravgift arrangement*	kr 206 372,00	kr 150 000,00	kr 298 238,00	kr 150 000,00
3220	Kioskinntekt / Fyrverkeri	kr 45 362,00			
3250	Billettinntekter og kiosksal	kr 233 165,00	kr 200 000,00	kr 107 125,00	kr 70 000,00
3260	Lodd og merchandise*		kr 70 000,00		kr 190 000,00
	SALSINNTEKTER	kr 646 289,00	kr 420 000,00	kr 476 363,00	kr 481 000,00
	Andre driftsinntekter				
3400	Grasrotmidlar, LAM-midler	kr 156 429,00	kr 160 000,00	kr 189 657,00	kr 187 000,00
3430	Andre tilskot og g��ver*	kr 188 362,00		kr 34 512,00	kr 15 000,00
3820	Medlemskontingent			-kr 350,00	
3900	Sal av treningsutstyr	kr 750,00			
3920	Treningsavgift	kr 520 095,00	kr 500 000,00	kr 465 796,00	kr 530 000,00
3945	Egenandeler og innbetalte p��meldingsavgifter	kr 23 322,00		kr 19 000,00	kr 20 000,00
	ANDRE DRIFTSINNTEKTER	kr 888 958,00	kr 660 000,00	kr 708 615,00	kr 752 000,00
	TOTALE INNTEKTER	kr 1 535 247,00	kr 1 080 000,00	kr 1 184 978,00	kr 1 233 000,00
	KOSTNADER :				
	Varekostnader				
4390	Beholdningsendring			kr 6 100,00	
4300	Innk��p/kostnader ved egne arrangement	kr 82 377,00	kr 50 000,00	kr 50 297,00	kr 60 000,00
	Varekostnader	kr 82 377,00	kr 50 000,00	kr 56 397,00	kr 60 000,00
	L��nnskostnader				
5000	L��nn til tilsette	kr 517 763,00	kr 210 000,00	kr 198 002,00	kr 220 000,00
5020	Feriep��ngar	kr 64 409,00	kr 28 000,00	kr 21 192,00	kr 22 440,00
5400	Arbeidsgivaravgift	kr 83 136,00	kr 32 000,00	kr 48 981,00	kr 31 240,00
5401	Arbeidsgivaravgift av opptente feriep��ngar	kr 9 082,00	kr 8 000,00	kr 2 988,00	kr 3 190,00
5510	Trekkpliktig del av reise	kr 6 286,00	kr 5 000,00		
5900	G��ve til tilsette, fr��dragsberettiga	kr 303,00		kr 5 000,00	kr 10 000,00
	L��nnskostnader	kr 680 979,00	kr 283 000,00	kr 276 163,00	kr 286 870,00
	Andre driftskostnader				
6000	Avskriving p�� bygninger og annen fast eiendom	kr 11 965,00	kr 5 000,00	kr 13 142,00	kr 13 000,00
6017	Avskriving p�� inventar og maskiner	kr 4 315,00	kr 3 000,00	kr 29 878,00	kr 32 000,00
6320	Renovasjon og kommunale avgifter	kr 1 259,00	kr 1 000,00	kr 0,00	kr 0,00
6420	Leie datasystemer	kr 5 335,00	kr 5 000,00	kr 490,00	kr 500,00
6520	Trening- og kamputstyr	kr 90 256,00	kr 90 000,00	kr 10 741,00	kr 65 000,00
6550	Utstyr, inventar, oppgraderingar	kr 18 678,00	kr 15 000,00	kr 21 056,00	kr 25 000,00
6570	Treningsst��y og drakter	kr 83 439,00	kr 80 000,00	kr 1 894,00	kr 30 000,00
6600	Reparasjon og vedlikehold	kr 37 799,00	kr 20 000,00	kr 19 834,00	kr 60 000,00
6690	Reparasjon og vedlikehold annet	kr 6 894,00	kr 5 000,00	kr 2 619,00	kr 6 000,00
6770	Medisinsk behandling, utstyr etc	kr 8 016,00	kr 5 000,00	kr 3 166,00	kr 5 000,00
6780	Dommarhonorar, AGA PL			kr 90 874,00	kr 100 000,00
6790	Honorar trenarar og lei��rar , ikkje oppg plikt	kr 37 450,00	kr 50 000,00	kr 58 110,00	kr 40 000,00
6800	Kontorkostnader, inkl IT system og utstyr	kr 3 099,00	kr 3 000,00	kr 65,00	kr 3 000,00
6810	Data/EDB-kostnad			kr 11 520,00	kr 10 000,00
6860	M��te, kurs, oppl��ring	kr 9 410,00	kr 10 000,00	kr 11 180,00	kr 10 000,00
7100	Bilgodtg��relse oppgavepliktig	kr 6 259,00	kr 6 000,00	kr 12 522,00	kr 10 000,00
7110	KM-Godtg��rdsle Dommarar			kr 23 587,00	kr 25 000,00
7112	KM-Godtg��rdsle Spelalar			-kr 5 787,00	kr 6 000,00
7140	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	kr 5 191,00	kr 5 000,00	kr 13 860,00	kr 140 000,00
7162	Bevertning, sosial post	kr 26 527,00	kr 20 000,00	kr 17 072,00	kr 23 000,00
7170	Diett Dommarar			kr 3 190,00	kr 4 000,00
7320	Reklamekostnad			kr 6 189,00	
7410	P��melding seriar, turneringar, b��ter etc	kr 81 169,00	kr 82 000,00	kr 122 496,00	kr 180 000,00
7412	Kontingenter	kr 2 000,00		kr 2 000,00	kr 3 000,00
7420	Kostnader spilleroverganger	kr 23 000,00	kr 23 000,00	kr 8 700,00	kr 15 000,00
7430	G��ver, ikkje fr��dragsberettiga	kr 9 350,00	kr 9 000,00	kr 5 100,00	kr 7 500,00
7450	Dommarutgifter	kr 112 468,00	kr 115 000,00		kr 0,00
7460	Medaljer og premiar	kr 14 400,00	kr 14 000,00	kr 4 357,00	kr 12 000,00
7500	Forsikringspremie og kontingent krets	kr 77 255,00	kr 80 000,00	kr 107 550,00	kr 110 000,00
7710	G��ver og tilskot internt	kr 6 000,00		kr 4 000,00	kr 0,00
7730	Utstyr trenarar og lei��rar	kr 434,00	kr 15 000,00	kr 6 890,00	kr 15 000,00
7770	Bank- og kortgebyr	kr 31 124,00	kr 32 000,00	kr 23 822,00	kr 25 000,00
7790	Annen kostnad, fr��dragsberettiga	kr 6 795,00	kr 6 000,00		kr 0,00
	Andre driftskostnader	kr 719 887,00	kr 699 000,00	kr 630 117,00	kr 975 000,00
	SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 1 483 243,00	kr 1 032 000,00	kr 962 677,00	kr 1 321 870,00
	Finansinntekter				
8050	Annen renteinntekt	kr 145 763,00		kr 85 391,00	100000
	DRIFTSRESULTAT	kr 197 767,00	kr 48 000,00	kr 307 692,00	kr 11 130,00

Hareid, 11.03.2025

Kenneth Nicolaisen
  konomiansvarleg fotballstyret

Sindre Breivik
Revisor fotball

Notar**Inntekter**

3200 Grendacupen 2024, cupar++

3260 Lotteri - Spond eller anna

Kostnader

5000 Lønn trenarar A-lag herre/dame

6790 Trenarar honorar

*Reparasjon av speakerbod må tas i 2025 Budsjett ca. kr 100.000,-(Ny frontvegg, vindu, lydanlegg, lystavle++

Treningsavgift og foreldretrenar-godtgjersle

Framlegg til årleg møte i fotballgruppa 2024

Styret foreslår følgjande treningsavgifter for sesongen 2025:

Nivå Alder Sum

Senior A H/D 20 - **3.500** per år Inkludert forsikring – Endra med kr 300.

Senior B 20 - **2.800** per år Inkludert forsikring – Endra med kr 300.

Juniorlag 17-19 **3.300** per år – Endra med kr 300.

G & J 15-16 **3.300** per år – Endra med kr 300.

SG & SJ 13-14 **2.800** per år - Endra med kr 300.

LG & LJ 11-12 **2.300** per år - Endra med kr 300.

LG & LJ 10 **2.000** per år - Endra med kr 300.

MG & MJ 8-9 **1.700** per år - Endra med kr 300.

MG & MJ 6-7 **1.400** per år - Uendra.

Dette er ei auke på kr. 300 frå 2024-sesongen.

Ved manglande betaling av treningsavgift er spelaren i prinsippet ikkje forsikra og vil verte utestengd frå alle kampar samt evt. deltaking på sone-, kretslagstiltak og Norway Cup. Spelarar som ikkje har betalt avgift kan fortsatt trene med laget dersom ein har oppretta dialog med dagleg leiar om nedbetalingsplan/betalingsordning.

Det vert gjeve fylgjande rabattar:

20 % frådrag for alle spelarar som har eit eldre, fullt betalende søsken

20 % frådrag for alle born av lagleiar på det aktuelle laget i årsklassene 6-12år

20 % frådrag for eldste aktive born av representant i styret. Denne kan bli justert etter vedtak frå hovudstyret.

100% frådrag for lagleiar på det aktuelle laget i årsklassene 13-19år, samt seniorklassene.

50 % frådrag for junior- eller gutespelarar som er trenarar for yngre lag utan honorar.

100 % frådrag for born av hovudtrenar på det aktuelle laget (HT). **1-2 HT pr. lag.** Ved fleire vert det fordelt.

50% frådrag for born av hjelpetrenar(HjT) på det aktuelle laget. **2 HjT pr. lag.** Ved fleire vert det fordelt.

Kvar klasse kan i utgangspunktet kun ha inntil 3-4 trenarar(1-2HT+2HjT) og 1-2 lagleiarar med rett til rabatt (LG og LJ er f.eks. separate klasser), men unntak kan gjerast etter dialog med dagleg leiar/sportsleg utval.

Alle foreldre som har roller i fotballgruppa, skal vere medlem i idrettslaget, men kan på førespurnad til dagleg leiar/sportsleg utval få refundert medlemskontingenten.

Godtgjersle for foreldretrenarar til klubbstyr – Kvart 3 år

I tillegg til ovannemnde foreslår styret følgjande godtgjersle for foreldretrenarar som ikkje på annan måte har lønna trenaransvar i fotballgruppa, og som tek på seg hovudtrenaransvar i fotballgruppa:

Alder

6-9 Gåvekort på klubbstyr til inntil kr. 1000,- på Sport1 Hareid + HIL-gensar (Kvart 3 år). Maks 3 HT.

10-12 Gåvekort på klubbstyr til inntil kr. 1500,- på Sport1 Hareid + HIL-gensar (Kvart 3 år). Maks 2 HT.

13-19 Gåvekort på klubbstyr til inntil kr. 2000,- på Sport1 Hareid + HIL-gensar (Kvart 3 år). Maks 2 HT.

Hjelpetrenarar/lagleiarar - Gåvekort opptil 500,- resterande må dekkast sjølv (Kvart 3 år). Maks 2+2 HjT-L.

Ein føresetnad for dette er at leiarane i dei ulike laga bidreg i arbeidet med innsamling av treningsavgift og fullfører heile sesongar.

GENERELT:

Senior- Ungdoms- og Barne-fotball omfattar alle fotball-lag frå og med miniklassene til og med senior, og drifta vert i hovudsak finansiert av spelarbetaling. Treningsavgifta dekkjer utgifter som:

- ✓ Spelar- og lagskontingent til Sunnmøre Fotballkrets
- ✓ kollektivforsikring av spelarar under 19 år, forsikring seniorspelarar
- ✓ dommarutgifter
- ✓ utstyr som draktsett, vestar, fotballar, kjepler, førstehjelpsutstyr m.m.
- ✓ reisekostnader til seriekampar som fergebillettar og bompengar
- ✓ vedlikehald av baner, snømåking, leige av hallen, bruk av Hadarhallen materiell til merking osv.

Treningskampar og turneringar utanom serien vert ikkje dekt av treningsavgifta. Det same gjeld personleg utstyr som fotballsko, strømpar, overtreksdrakter, tape og liknande.

Deltaking på eit av fotballaga i Fotball forutset gyldig medlemsskap i Hareid Idrettslag. Det vil seie at ein også skal betale kontingent til Hareid Idrettslag.

ORGANISERING AV LAGA:

Kvart enkelt lag skal ha hovudtreinar(HT), evt hjelpetreinar(HjT) og medhjelparar(MHj), samt ein lagleiar(L), samt ei foreldregruppe. Alle lag vert oppfordra til å ha minst 2 trenarar(HT+HjT). Av erfaring vil det vere mykje lettare å kome gjennom ein hektisk sesong med trening og kampar dersom ein er fleire som deler på ansvaret. Foreldregruppa skal organisere innsamling av midlar til laget, samt bidra med miljøskapande tiltak. Innsamla midlar kan brukast fritt av laget til f.eks. turneringar, sesongavslutningar, reiser eller andre tiltak. Organisering av foreldregruppe er laget sitt eige ansvar, og det er viktig at alle foreldre og føresette støttar opp om denne gruppa.

ØKONOMI:

Treningsavgifta for deltaking på dei ulike laga er p.t. som fylgjer:

Senior A	20-	3.500,-	per år (Inkluderer forsikring)	Gjelder både Herre- og Dame-lag
Senior B/C	20-	2.800,-	per år (Inkluderer forsikring)	
Juniorlag	17 – 19 år	3.300,-	per år	
G og J	15 – 16 år	3.300,-	per år	
SG og SJ	13 – 14 år	2.800,-	per år	
LG og LJ	11 – 12 år	2.300,-	per år	
LG og LJ	10 år	2.000,-	per år	
MG og MJ	8 – 9 år	1.700,-	per år	
MG og MJ	6 - 7 år	1.400,-	per år	

For alle lag opp til og med 12 år vert treningsavgifta fakturert i si heilheit med forfall seinast 1.mars. For 13 år og opp til seniorklassene vert avgifta delt i to terminar med med forfall seinast 1. mars og 1. juli. Giro vert utsendt på mail eller i Spond.

NB! Ved manglande betaling av treningsavgift er spelaren i prinsippet ikkje forsikra og vil verte utestengd frå alle kampar samt evt. deltaking på sone-, kretslagstiltak og Norway Cup. Spelarar kan be om betalingsplan om nødvendig, ta då kontakt med dagleg leiar.

Det vert gjeve fylgjande rabattar (maksimal rabatt per spelar 20%, bortsett frå born av trenar):

20 %	frådrag for alle spelarar som har eit eldre, fullt betalende søsken
20 %	frådrag for alle born av lagleiar, på det aktuelle laget i årsklassene 6-12 år.
20 %	frådrag for eldste aktive born av representant i styret.
100 %	frådrag for alle born av lagleiar, på det aktuelle laget i årsklassene 13-19 år, samt seniorklassene.
50 %	frådrag for junior- eller guttespelarar som er trenarar for yngre lag utan honorar.
100 %	frådrag for alle born av hovudtreinar(HT), på det laget ein er trenar for. 1-2 HT pr. lag. Ved fleire vert det fordelt.
50 %	frådrag for born av hjelpetreinar(HjT), på det laget ein er trenar for. 2 HjT pr. lag. Ved fleire vert det fordelt

Kvar klasse kan ha inntil 3 trenarar(1HT+2HjT) og 2 lagleiarar med rett til rabatt (LG og LJ er f.eks. separate klasser), men unntak kan gjerast etter dialog med dagleg leiar/sportsleg utval.

Alle foreldre som har roller i fotballgruppa skal vere medlem i idrettslaget, men kan på førespurnad til dagleg leiar få refundert medlemskontingenten.

Innlevering av spelarskjema:

Spelarskjemaet består av to delar; del I og del II. Del I inneheld generell informasjon til spelar og føresette og skal behaldast av den enkelte. Del II skal utfyllast og leverast ved innmelding. Spelaren er deretter medlem til vedkommande melder seg ut. Utmelding skal skje skriftleg ved utfylling og innlevering av spelarskjema del II.

Elles skal spelarskjema del II også innleverast ved endringar i spelaropplysningar, rabattforhold eller valg av termin. Kontakt lagleiar eller last ned skjema frå www.hareidil.no. Skjemaet skal leverast til lagleiar for det aktuelle lag.

Godtgjerdse for foreldretrenarar:

I tillegg til overnemnde foreslår styret følgjande godtgjerdse – kvart 3. år, for foreldretrenarar HT som ikkje på annan måte har lønna trenaransvar i fotballgruppa, og som tek på seg hovudtrenaransvar i fotballgruppa:

6-9 år: Gåvekort på klubbustyr til inntil kr.1.000,- på Sport 1 Hareid + HIL-gensar – Kvart 3. år.

10-12 år: Gåvekort på klubbustyr til inntil kr.1.500,- på Sport 1 Hareid + HIL-gensar – Kvart 3. år.

13-19 år: Gåvekort på klubbustyr til inntil kr.2.000,- på Sport 1 Hareid + HIL-gensar – Kvart 3. år.

Ein føresetnad for dette er at trenarane i dei ulike laga bidreg i arbeidet med betaling av treningsavgift.

**REGISTRERING AV SPELAROPPLYSNINGAR/ENDRINGAR:** Mailadresse MÅ vere med!!

Navn: _____ Fødd: _____ År: _____

Adresse: _____ Mobil: _____

Mor: _____ Telefon: _____ Mobil: _____

Far: _____ Telefon: _____ Mobil: _____

Mail mor: _____

TRENINGSavgift OG RABATTFORHOLD:

Mail far : _____

Senior A	20-	3.500,-	per år (Inkluderer forsikring) Gjelder både Herre- og Dame-lag
Senior B/C	20-	2.800,-	per år (Inkluderer forsikring)
Juniorlag	17 – 19 år	3.300,-	per år
G og J	15 – 16 år	3.300,-	per år
SG og SJ	13 – 14 år	2.800,-	per år
LG og LJ	11 – 12 år	2.300,-	per år
LG og LJ	10 år	2.000,-	per år
MG og MJ	8 – 9 år	1.700,-	per år
MG og MJ	6 - 7 år	1.400,-	per år

For alle lag opp til og med 12 år vert treningsavgifta fakturert i si heilheit med forfall seinast 1.mars. For 13 år og opp til seniorklassene vert avgifta delt i to terminar med med forfall seinast 1. mars og 1. juli. Giro vert utsendt på mail eller i Spond.

NB! Ved manglande betaling av treningsavgift er spelaren i prinsippet ikkje forsikra og vil verte utestengd frå alle kampar samt evt. deltaking på sone- og kretslagstiltak, samt Norway Cup.

Det vert gjeve fylgjande rabattar (maksimal rabatt per spelar 20% bortsett frå born av trenar):

- ☐ 20% frådrag for alle spelarar som har eit eldre, fullt betalende søsken
- ☐ 20% frådrag for alle born av lagleiar, på det aktuelle laget i årsklassene 6-12 år.
- ☐ 20% frådrag for eldste aktive born av representant i styret.
- ☐ 50% frådrag for junior- eller guttespelarar som er trenarar for yngre lag utan honorar.
- ☐ 100 % frådrag for alle born av hovudtrenar(HT), på det laget ein er trenar for.
- ☐ 50 % frådrag for alle born av hjelpetrenar(HjT), på det laget ein er trenar for.
- ☐ 100 % frådrag for alle born av lagleiar, på det aktuelle laget i årsklassene 13-19 år, samt seniorklassene.

Kryss av dersom du meiner du har krav på rabatt, og grunngjev kravet under:

Navn på eldre spelar: _____ Lag: _____

Verv: _____ Lag/Styre: _____

☐ Betaler kontingenten samla (forfall 01.03)☐ Betaler kontingenten i to terminar (01.03 og 01.07)☐ Gjeld registrering av ny spelar☐ Gjeld utmelding☐ Gjeld andre endringar

Dato _____

Underskrift føresett _____

NB # 1! Husk å seie frå til trenar eller lagleiar dersom spelaren har sjukdomar, brukar medisinar etc. som det er viktig at ein kjenner til.

NB # 2! Skjemaet skal leverast til lagleiar ved registrering av ny spelar, utmelding eller ved endringar i spelaropplysningar, rabattforhold eller valg av termin. Ekstra kopi av skjema kan hentast frå www.hareidil.no eller ved å kontakte lagleiar.